

VETERINÆRVAKTA I HYLLESTAD, SOLUND OG FJALER.

Kommunane er ansvarleg for å oppretthalde ei forsvarleg veterinærvaktt, både i hht brukarane og veterinærane.

Vi har lenge hatt 2-delt vakt i vaktdistriktet vårt. Dette har vore passeleg i forhold til inntekt og jobbmengde. Men situasjonen har endra seg og vaktbelastninga vart for stor, slik at vi har gått inn i 3-delt vakt siste 2 åra.

Dette, i tillegg til dårleg utvikling i landbruket, fører til at inntjeningen stadig blir dårlegare, og vi har for lite jobb å dele på innan ordinær arbeidstid. Likevel må vi vere 3 pga beredskap ved akutte situasjoner i vårt store vaktområde, i f.eks. lammingsstida, ved sjukdom/skade av ein av oss mm.

Ein stor del av inntekta vår no baserer seg på kveld, natt og helg som er utanom ordinær arbeidstid for folk flest. Vi er heilt avhengig av desse vaktpengane for å kunne eksistere.

Våren 2021 var vi i dialog med landbrukskontoret og vart då forespeila at vi skal få tilskot for beredskap på dagtid som står i stil med nabokommunane. Det viser seg at veterinærane i nabokommunane ligg til dels høgt over tilskotsnivået vårt her.

No har vi forstått det slik at det er store nedskjeringsar i kommunane. Der er ikkje midlar til å auke beredskapen vår, og også usikkert om vi får dekka alle solundturane som vi har hatt muntleg avtale på en del år. Eit besøk i Solund er tidkrevande, det er som regel ein dagstur, og det har vi fått ekstra støtte for.

Konsekvensen av dette, dersom kommunane ikkje kan auke tilskotet vil vere:

- Vi må auke satsane våre kraftig, eller
- Ein av oss søker på ledig stilling i ein av nabokommunane.

Fleire av nabokommunane betaler godt, og då er det snakk om vakt på dagtid, med fri kveld og natt. Det er veldig attraktivt. Dette kan igjen føre til at vi står att med 2-delt vakt her, som igjen vil føre til at vi ikkje kan fylle alle vaktene.

Ein veterinær kan brukast til mykje. Mange veterinærer jobber med smitteførebuing, vatn, hygiene mm. Vi har bedt kommunane tenke alternativt og f.eks gi oss ei 20% stilling kvar der dei kan bruke oss ein dag i veka i kommunen.

Vi er no i ein situasjon der vi har ei stabil vaktordning i Hyllestad/Solund/Fjaler. Ein les heile tida kor vanskeleg det er rundt omkring å skaffe veterinær til stordyrpraksis. Skal ein verkeleg komme i samme situasjon som ganske mange kommuner rundt omkring i landet, no når det fungerer så godt her?